



Dei nynorske festspela 2013

Pensjonert professor Arne Torp

Institutt for lingvistiske og nordiske studium

Universitetet i Oslo

Ivar Aasen-minneforedraget:

Kvifor er Noreg dialektparadiset?



Ivar Aasen:

Om vort Skriftsprog (1836)

- Det har altid smertet mig bittert, naar jeg hørte vort Almuesprog krænkes og belees, enten af velklædt Uvidenhed, eller af en rigtignok velmeent Renselses-Iver.
 - Sjølv våga han aldri snakke anna enn dansk-norsk bokmål i Kristiania.



Tarjei Vesaas, ved hundreårshøgtida for «Ordbog over det norske Folkesprog»

Det går mangt eit menneske
og ser seg fritt ikring
for Ivar Aasens skuld
– den stille og vise
nedbrytaren av grenser,
den rolege og sikre
oppbyggaren i eit folk.

trykt i *Dagbladet* 18.11.1950, framført i Aulaen 17.11.1950



Er det så berre Ivar Aasen me kan takke for at dialektane lever så friskt her i landet?

- Knappt, men han har hjelpt til!
- I grannelanda våre er nokre av bygdemåla i dag verneverdige museumsgjenstandar.
- I mange europeiske land snakkar dei fleste i dag berre standardspråk/riksspråk.
- Her kjem ein visesongar som syng på ein eksotisk dansk dialekt.



Haj mærker nourenwejn,
dæj blæser kael å **hwas**;
og ejen læeng så ska haj
uk på **hans** siest sailas;
uk te dæj horisontj
haj aldri hår ku nåej,
hwes sæntrum haj hår waet
uv på de stue wåej.

Han mærker nordenvinden,
den blæser kold og **hvas**;
og inden længe så skal han
ud på **sin** sidste sejlads;
ud til den horisont
han aldrig har kunnet nå,
hvis centrum han har været
ude på det store vand.



Og her er Skandinavias absolutt mest eksotiske dialekt:

Men denne dialekten er sterkt truga i dag (for ikke å si døyande; jf. dette).



Men slik er det ikkje i gamle Noreg - enno

For her kjem [Noregs svar](#) på Älvdalen, og til
og med representert ved ein *ung* mann!

[Her](#) er fasiten.

Og denne dialekten blir dyrka i dag, jf.

<http://www.vallemal.no/main.jsp>

Dette er den fagleg beste nettsida om ein norsk
dialekt som eg kjenner til!





Og det er ikkje berre i "Aost-Agder fylkji" at dei norske dialektane framleis lever...

- Kor kjem denne dama frå?
- Men i dag kan jamvel programleiaren i dagsrevyen snakke dialekt.
- Og då greier de kanskje denne dialekten?
- Her er svaret.



Førebels konklusjon:

- Noreg har både særprega og mindre særprega dialektar – slik det nok også har vore i grannelanda før.
- Skilnaden er at i Norge *lever* dialektane i langt høgare grad enn i grannelanda.
- Kva er det som har gjort Noreg til "Annerledeslandet" også når det gjeld dialektbevaring?



”Utryddinga” av dialektene i Europa har sammenheng med framvoksteren av nasjonalstatane

- den nye norske nasjonalstaten oppstod i 1814
- før 1814 var det OK at me skreiv dansk i Noreg
- etter 1814 blei det danske skriftspråket etter kvart sett på som unasjonalt i Noreg
- bygdemåla var derimot norske!
- derfor fekk dei norske dialektene eit helt eineståande vern som undervisningstalemål i 1878, og det står ved lag den dag i dag:

Dialektane i skolen


- **Stortinget 1878:** *Undervisningen i Almueskolen bør saavidt muligt meddeles paa Børnenes eget Talesprog.*
- I 1915 og 1917 kom dette prinsippet inn i skolelovene, og der står det framleis:
- *I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.*
 - **Opplæringslova av 1998, § 2-5, andre avsnitt**

Bakgrunnen for 1878-vedtaket

- Den ufrivillige opphavsmannen var skoledirektør Jacob Aall Bonnevie i Trondheim, som foreslo i eit foredrag 1877 at elevane skulle lærast opp i å snakke normaltalemål.
- **Slik gjekk det altså ikkje!**
- Grunngevinga for vedtaket var pedagogisk og praktisk.
- **Dette var knapt heile sanninga:**
- Frå 1880 sa språkinstruksen for skolen at all undervisning skulle gå føre seg på **norsk**, og ikkje på kvensk eller samisk.

Men kva med *nynorsk* normaltalemål?

- Den einaste freistnaden på å skape grobotn for ein generasjon med nynorsk som førstespråk(?):
- I 1923 kjøpte Bondeungdomslaget i Oslo garden Smestad og delte han opp i tomter som blei selde til lagsmedlemmer.
- *Heimegrendi* blei namnet på dette heilnorske Oleanna.
- **Det seier litt om visjonane i norskdomsrørsla på den tida.**
 - Etter Kleiva m.fl. red. 1985: *Nynorsk av hjartans lyst* (s. 120)






Men ”dialektvedtaket” frå 1878 har ofte vore utfordra

- **Ei av dei klaraste utfordringane var denne:**
- *Skolen må ha respekt for barnas talespråk, det som de har lært seg heime i familien. [...] Men skolen ville svikte sin oppgave om den ikke også gav elevene innsikt i den språklige overnormen, det normaliserte talemål.*
 - Finn-Erik Vinje i kronikk i *Arbeiderbladet* 01.02.1973

Og Vinje fekk svar på tiltale!



Dialekttoleransen her i landet har vel aldri vore større enn i dag

- **NRK-gallup i 2009:**
- 52% av alle spurde 15 år og eldre er heilt ueinige i påstanden at "**det er for mye dialektbruk i samfunnet**". Berre 4% er heilt einige i denne påstanden.
- Det er langt fleire kvinner (61%) enn menn (43%) som er heilt ueinige i at "*det er for mye dialektbruk i samfunnet*".

Men somme ønsker framleis at det skulle vore annleis:

eller 1870-åra?

- I alle andre europeiske land er det en selvfølge at i formelle, offentlige sammenhenger, i radio og tv, i teatret osv., skal aktørene bruke standardtalemål, så alle kan forstå det de sier. Men slik er det ikke lenger hos oss. Siden 1970-årene har Norge vært åstedet for en populistisk dialektaktivisme som har trengt seg lenger og lenger inn i «det offentlige rom», med lærestedenes norsk-seksjoner, og etter hvert også NRK, som de viktigste pådrivere.
 - Lars Roar Langslet i *Ordet* 3-2012



Men vil dialektmangfaldet halde seg i all framtid?

- Knapt!
- [Her](#) er ein dialekt som er trua.
- Oslo-jenter på Quart-festival til ung mann frå Toten:
- ”Si noe mer da!!”



Språk og dialekt = identitet

- Dersom ingen lenger ønsker å bli identifisert med den gruppa som tradisjonelt har snakka eit språk eller ein dialekt, døyr denne språkforma.
- Den dagen alle nordmenn helst vil lyde som om dei kjem frå Oslo, er det slutt på det norske dialektmangfoldet.
- **Men det kjem heldigvis garantert ikkje til å skje i mi levetid!**